Uendra leiing og stor innsats for bedehuset

28.01.2011

Styret for Indremisjonen held fram: Tormod Myklebust, Jan Tvedt, Jon Harald Kjærland., Inger Anna Leite og Aud Isaksen Haugland.

**I det siste året er det gjort ein stor innsats for bedehuset
både ute og inne.
Det er berekna ein kostnad på 90.000 for mellom
anna drenering, rehabilitering
av kjellaren og kjøkenutstyr og det er
truleg gjort dugnad for ein like stor sum,
fekk uskedalen.no opplyst under årsmøtet til
Uskedalen Indremisjon i kveld.
Leiinga er den same som før etter attval av leiar og 2 styremedlemmer.**

Ved det førre årsskiftet hadde den lokale Indremisjonen 97.399 kroner i banken men no er summen redusert til 41.216 etter eit underskot på 56182 kroner.

Det vart brukt rundt rekna 80.000 på huset i fjor og etter satsing av 10.000 på måling vil jobben vera gjort..Ein av dei største utgiftspostane elles var straum for 34.093 kroner, som kosta rundt rekna 9.000 meir enn året før.

Ein annan stor utgiftspost var 18.181 som vart sendt misjonen.

På inntektssida har det kome inn gåver for 31.097 (18.761 i fjor), 24.455 under den tradisjonelle basaren og 21.802 på sal og kollektar.
Hobbyklubben ved Tore Mathiesen har vore pådrivar for oppusssinga
av det gamle kjøkenet i kjellaren som har vorte aktivitets-og lagerrom.

Leiar Jon Harald Kjærland held fram og det same gjer skrivar Tormod Myklebust og nestleiar Jan Tvedt. Kasserar Aud Isaksen Haugland og Inger Anna Leite var ikkje på val. Også fest- og matkomiteen er den same som før: Torunn Kjærland, Inger Haugland, Margot Haugland og Sigmund Leite.

Georg Hestad frå Omvikdalen heldt andakt med samling av skattar på jorda som tema.
Skrivar Myklebust konkluderte fjoråret med at det ikkje skilte seg mykje frå 2009.

Mange barn og unge kjem til dei ulike gruppene. Småbarnstreffen, Laurdagsskulen og Hobbyklubben driv som før, Fredagsforum og Unge Røyster nyttar huset og det er vert for konfirmantane. Bønemøter og sundagsmøter er faste og årsmeldinga uttrykte takk til Gunnar Kjærland for at han framleis er så aktiv. Det har vore både julefest, 17.manifest og konfirmantfest.

Juletreet vandra som før frå skulen via bedehuset til Vonheim.

Indremisjonen og Misjonssambandet har hatt møteveker.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

Årsmøtedeltakarane var svært tilfredse med jobben som er gjort i kjellaren.